



**Kommunen har no gjeve konsulenten, Asplal Viak, igangsettingsløyve for kloakkanlegget i Uskedalen. Løyvet gjeld vatn- og kloakkanlegg med grøfter, leidningar i sjø og på land med tilhøyrande kummar og 2 pumpestasjonar.**

Anlegget vil strekkja seg frå Uskedalen Brygge til Steinsletten.

Det er eit vilkår at leidningar i sjø som ligg grunnare enn 2 meter må gravast eller spylast ned slik at leidning og lodd ikkje vert til hinder for båttrafikk.

Tiltak i sjø kan ikkje igangsetjast før det ligg føre godkjenning etter hamne- og farvasslova medan tiltak på land kan igangsetjast straks.

Kartet over viser kor leidningane skal gå i dei sentrale delar av bygda..